



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Grete Riise, 5557 2230

Vår dato
22.03.2012
Dykkar dato
22.12.2011

Vår referanse
2011/16761 732.0
Dykkar referanse
11/4748

Helse- og omsorgsdepartementet
Postboks 8011 Dep
0030 Oslo

Forskrift om oversikt over helsetilstand og påvirkningsfaktorer - høyringsfråsegn

Vedtak:

Fylkesmannen i Hordaland har gjennomgått framlegg til *forskrift om oversikt over helsetilstand og påvirkningsfaktorer* og har følgjande synspunkt:

Vi er i det store og heile samde i framlegget til forskrift . Vi vil spesielt uttrykkje støtte til forventninga til at befolkningsundersøkingar i fylka må vere utforma på ein måte som gjer at dei kan samanliknast med andre fylke, og tilrådinga om å bruke nasjonale malar for å få dette til.

Køyrereglar for bruk av statistikk

Mange av kommunane i Noreg er så små at dei vanskeleg kan gjere seg direkte nytte av statistisk materiale som grunnlag for planlegginga, og det er behov for tydelege køyrereglar for korleis statistikk kan og bør brukast. Eit alternativ for mange kommunar kan vere å bruke tal for regionen, sjølv om slike tal også kan vere misvisande for det lokalsamfunnet kommunen skal planleggje for. Det er og viktig å presisere at ulike formål krev ulikt datagrunnlag, og at det ikkje berre er statistikk og forskingsdata som kan fungere som kunnskapsgrunnlag.

Vektlegging av eit breitt kunnskapsgrunnlag

Vi vil vidare peike på behovet for eit utvida kunnskapsgrunnlag som ikkje berre tek utgangspunkt i sjukdom og risiko, men også innheld kunnskap om positive og negative påverknadsfaktorar i alle dei andre samfunnssektorane i lokalsamfunnet. Her ville det vere bra om forskrifta kunne gi tydelegare signal om kva som må vere med i den oversikta som kommunen skal byggje sine tiltak og strategiar på.

§ 6 Informasjon til befolkningen – køyrereglar for publisering

Kommunens og fylkeskommunens oversiktsdokument etter §§ 3 og 4 og folkehelseprofiler fra Nasjonalt folkehelseinstitutt etter § 5 skal være allment tilgjengelig slik at frivillig sektor og befolkningen får kunnskap som grunnlag for å påvirke beslutningsprosesser av betydning for folkehelsen. I pkt 10.3 i høyringsnotatet skriv departementet at ”*Forskriftens krav vil være oppfylt ved at dokumentet for eksempel legges ut på kommunens hjemmesider.*” Fylkesmannen i Hordaland meiner at ein bør oppmode kommunane om å vere varsame med å leggje ”*opplysninger om helsetilstand, levevaner, oppvekst og levkår som for eksempel økonomiske vilkår, arbeidsforhold og utdanning*” eller ”*Befolkningsundersøkelse basert på*

spørreskjema om ... eksempelvis fysisk og psykisk helse, funksjonsevne, kosthold, fysisk aktivitet, bruk av tobakk og alkohol ut på internett dersom befolkningsgrunnlaget er lite. Også her er det behov for køyrereglar slik at kommunen kan medverke til at alle har god tilgang til premissane for kommunens planstrategi og planverk utan at grupper og eventuelt personar kjenner seg uthengde.

Med helsing

Helga Arianson e.f.
fylkeslege

Grete Riise
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi til:
Helga Arianson